



## Kvartalsrapport 1. kvartal 2026



# Kvartalsrapport for 1. kvartal 2026

## Rekneskapsprinsipp

Valle Sparebank nyttar IFRS 9 som rekneskapsstandard. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

## Forvaltningskapital

Forretningskapitalen (inkl. portefølje i Eika Boligkreditt) er ved utgangen av 1. kvartal 3.499 mill. kroner. Dette er ein auke på 123 mill. kroner, eller 3,66 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Forvaltningskapitalen er 2.479 mill. kroner som er ein auke på 78 mill. kroner siste 12 månadar.

## Utlån

Total utlånsportefølje er ved utgangen av 1. kvartal 3.038 mill. kroner, som er ein auke på 210,5 mill. kroner eller 7,45 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Sidan nyttår er auken 48,6 mill. kroner eller 1,6 %. Overføringsgraden til EBK er 35,4 % av samla utlån til personmarknaden.

Brutto utlån i eigen balanse er pr. 31.03.26 på 2.017,5 mill. kroner, som er ein auke på 165,5 mill. kroner siste 12 månadar. Banken har ved utgangen av 1. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 1.020 mill. kroner, ein auke på 45,1 mill. kroner siste 12 månadar. Sidan nyttår er det ein liten endring på kr 40.000.

## Innskot

Innskot frå kundar er ved utgangen av 1. kvartal på 1.889 mill. kroner, som er ein auke på 31,8 mill. kroner, eller 1,7 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 93,6 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstal 100,3 %. Det har vore ein liten nedgang på innskot på 2,6 mill. kroner sidan 31.12.25.

## Resultat av ordinær drift

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter pr. 31.03.26 er på 16,7 mill. kroner, som er 0,7 mill. kroner høgare enn på same tid i fjor. Rentenettoen utgjør 2,74 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 2,76 % på same tidspunkt i fjor. Netto provisjonsinntekter utgjør 0,2 mill. kroner mot 1,7 mill. kroner på same tid i fjor.

Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument er negativ med 3,2 mill. kroner ved utgangen av første kvartal. Utviklinga skuldast rekneskapsmessig behandling av avkastningseigedelar i fond, der renteinntekter på 3,9 mill. kroner inntektsførast samtidig som kursane på fonda justerast. Nettoeffekten er dermed positiv.

Driftskostnader utgjør 11,2 mill. kroner, som er ein auke på 1,6 mill. kroner i forhold til same periode i fjor. Av dette er 5,8 mill. kroner løn og andre personalkostnader mot 5,2 mill. kroner for same periode i fjor.

Resultat før skatt viser eit overskot på 5,61 mill. kroner, mot eit overskot på 8,35 mill. kroner på same tid i fjor. Resultat av ordinær drift etter skatt viser eit overskot på 4,26 mill. kroner mot 6,3 mill. kroner på same tid i fjor. Etter ei negativ verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi over utvida resultat på 0,15 mill. kroner, viser totalresultatet eit overskot på 4,1 mill. kroner. Til samanlikning viste totalresultatet eit overskot på 6,45 mill. kroner på same tid i fjor. Det var då ei positiv verdijustering på aksjar på 0,2 mill. kroner.

## Kredittap

Det er kostnadsført kr 86.000 i kredittap på utlån og garantiar. I fjor på same tid var det ei inntektsføring på kr 181.000.

## Kapitaldekning

Banken har ein netto ansvarleg kapital på 351,8 mill. kroner ved utgangen av 1. kvartal. Dette gjev ei kapitaldekning på 31,76 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning er 26,74 %. Banken innførte massemarknad i 4. kvartal 2025 og dette har medført ein vesentleg auke i kapitaldekningsprosenten.

## Utsikter for resten av året

Valle Sparebank har hatt god aktivitet og positiv vekst fram til no i 2026. Banken har hatt jamn utlånsvekst og ein framleis god rentenetto.

Profilen vår med personleg service og rådgjeving blir verdsett av både eksisterande og nye kundar, særleg i dagens bankmarknad som elles er prega av fusjonar, konsolideringar, digitalisering og sentralisering.

Banken har sterk lokal forankring, og vi veks stadig i marknadsområda Kristiansand og Vennesla. Valle Sparebank inngjekk i 2025 eit samarbeid med Boligmegleren. Dette samarbeidet har som føremål å bidra til ytterlegare vekst, samstundes som det skal gje kundane våre ei trygg og god reise ved kjøp og sal av bustad.

Noregs Bank har sett ned styringsrenta to gonger i 2025 – éin gong i juni og éin gong i september. Begge gongene har Valle Sparebank sett ned rentene på innskot og utlån.

Per første kvartal 2026 (basert på Pengepolitisk rapport 1/2026, publisert 26. mars 2026) gir Noregs Bank eit tydeleg signal om at styringsrenta vil haldast høg lenge, og truleg aukast noko før den eventuelt vert sett ned.

Banken er solid med dyktige medarbeidarar og sterk lokal forankring, og vi meiner å vere godt rusta til å vere ein god bank både for eksisterande og nye kundar.

Styret er nøgd med bankens resultat etter første kvartal.

Valle, 12. mai 2026

I styret for Valle Sparebank

Anne Gjerden  
(styreleiar)

Knut Inge Hovet  
(nestleiar)

Elisabeth B. Spockeli

Kent M. Lund

Tor Arild Rysstad  
(tilsettere representant)

Elisabeth Slettedal  
(adm.banksjef)

## Resultat og balanseoppstilling

Resultat		1. kvartal 31.03.2026	1. kvartal 31.03.2025	Året 31.12.2025
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Note			
Renteinntekter fra øvrige egedelar		26.526	28.192	113.604
Renteinntekter fra øvrige instrument		6.342	5.077	13.923
Rentekostnader og liknande kostnader		16.142	17.225	69.390
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>16.726</b>	<b>16.044</b>	<b>58.137</b>
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		3.694	3.760	16.686
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		508	477	1.788
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		189	146	4.280
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	6	-3.224	-1.752	1.588
Andre driftsinntekter		54	67	270
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>205</b>	<b>1.745</b>	<b>21.036</b>
Løn og andre personalkostnader		5.765	5.162	19.979
Andre driftskostnader		5.148	4.115	20.877
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle egedelar		322	344	1.396
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>11.235</b>	<b>9.621</b>	<b>42.253</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>5.696</b>	<b>8.167</b>	<b>36.920</b>
Kreditttap på utlån, ubenyttet kreditt og garantier	4	86	-181	394
<b>Resultat før skatt</b>		<b>5.610</b>	<b>8.348</b>	<b>36.526</b>
Skattekostnad		1.355	2.050	8.366
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>4.255</b>	<b>6.298</b>	<b>28.160</b>
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>				
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi	6	-151	200	9.772
<b>Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet</b>		<b>-151</b>	<b>200</b>	<b>9.772</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>4.104</b>	<b>6.498</b>	<b>37.932</b>

Balanse - Egedelar		31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
<i>Tal i tusen kroner</i>	Note			
Kontantar og kontantekvivalentar		25.875	24.919	25.430
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		23.852	153.931	43.353
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	2, 3, 4	2.013.837	1.847.062	1.963.344
Renteberande verdipapir	6	211.006	204.471	211.053
Aksjar, andelar og andre egenkapitalinstrument	6	180.245	145.934	201.487
Varige driftsmidler		12.299	13.326	12.621
Andre egedelar		11.888	11.040	20.181
<b>Sum egedelar</b>		<b>2.479.002</b>	<b>2.400.683</b>	<b>2.477.468</b>
<b>Balanse - Gjeld og egenkapital</b>				
<i>Tal i tusen kroner</i>	Note			
Innlån frå kredittinstitusjonar		108.329	105.686	105.689
Innskot frå kundar		1.889.093	1.857.330	1.891.741
Gjeld stifta ved utstedelse av verdipapir	10	85.292	85.264	85.292
Anna gjeld		27.058	15.005	22.144
Forpliktelser ved skatt		1.814	3.983	9.523
Andre avsetningar		281	187	48
<b>Sum gjeld</b>		<b>2.111.867</b>	<b>2.067.456</b>	<b>2.114.437</b>
Opptent egenkapital		362.881	326.930	363.031
Periodens resultat etter skatt		4.255	6.298	0
<b>Sum egenkapital</b>		<b>367.136</b>	<b>333.228</b>	<b>363.031</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<b>2.479.002</b>	<b>2.400.683</b>	<b>2.477.468</b>

## Eigenkapitaloppstilling

Tal i tusen kroner	Opptent egenkapital			Sum egenkapital
	Sparebankens fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster	
<b>Eigenkapital 31.12.2025</b>	<b>316.430</b>	<b>9.153</b>	<b>37.448</b>	<b>363.031</b>
Resultat av ordinær drift etter skatt	4.255			4.255
Verdiendring på finansielle egedelar			-151	-151
<b>Totalresultat 31.03.2026</b>	<b>4.255</b>	<b>0</b>	<b>-151</b>	<b>4.104</b>
Utbetaling av gåver				0
Andre egenkapitaltransaksjoner				0
<b>Egenkapital 31.03.2026</b>	<b>320.685</b>	<b>9.153</b>	<b>37.297</b>	<b>367.136</b>
<b>Eigenkapital 31.12.2024</b>	<b>292.730</b>	<b>6.299</b>	<b>27.716</b>	<b>326.745</b>
Resultat av ordinær drift etter skatt	6.298			6.298
Verdiendring på finansielle egedelar			200	200
<b>Totalresultat 31.03.2025</b>	<b>6.298</b>	<b>0</b>	<b>200</b>	<b>6.498</b>
Utbetaling av gåver		-16		-16
Andre egenkapitaltransaksjoner				0
<b>Egenkapital 31.03.2025</b>	<b>299.028</b>	<b>6.283</b>	<b>27.916</b>	<b>333.228</b>

# Nøkkeltal

	1. kvartal	1. kvartal	Året
<i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2026	2025	2025
<b>Resultat</b>			
Kostnader i % av totale inntekter (ekskl. VP)	56,27 %	49,61 %	57,64 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (ekskl. VP)	16,23 %	17,28 %	20,69 %
Innskotsmargin hittil i år	1,33 %	1,39 %	1,33 %
Utlånsmargin hittil i år	1,11 %	1,32 %	1,34 %
Netto rentemargin hittil i år	2,74 %	2,76 %	2,40 %
Eigenkapitalavkastning <sup>1</sup>	4,56 %	7,99 %	11,00 %
<sup>1</sup> Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital			
<b>Balanse</b>			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	7,76 %	6,79 %	7,21 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	35,41 %	36,10 %	35,84 %
Innskotsdekning	93,64 %	100,29 %	96,08 %
Innskotsvekst (12 mnd)	1,71 %	4,51 %	4,42 %
Utlånsvekst (12 mnd)	8,93 %	-0,95 %	5,64 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	7,45 %	6,56 %	9,18 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	2.478.488	2.353.935	2.424.153
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.501.408	3.269.568	3.402.927
<b>Nedskrivinger på utlån og misleghald</b>			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	0,02 %	-0,04 %	0,02 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,18 %	0,27 %	0,28 %
<i>Nøkkeltall er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>	2026	2025	2025
<b>Soliditet<sup>1</sup></b>			
Rein kjernekapitaldekning	25,76 %	22,33 %	25,29 %
Kjernekapitaldekning	26,18 %	22,69 %	25,73 %
Kapitaldekning	26,74 %	23,17 %	26,38 %
Uvekta kjernekapitalandel	9,73 %	9,49 %	9,40 %
<sup>1</sup> Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
<b>Likviditet</b>			
LCR	197	495	200
NSFR	131	148	135

# Noter til rekneskapen

## Note 1 – Rekneskapsprinsipp og viktige estimat og skjønsmessige vurderingar

### Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen per 31.03.2026 er utarbeidd i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak kapittel 8, her under IAS 34 Delårsrapportering. Det er i forskrifta gitt unntak for kravet om å utarbeide kontantstraumoppstilling, og banken har brukt dette unntaket. Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med gjeldande IFRS standardar og IFRIC fortolkingar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2025.

### Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimater og skjønsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnadar og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta. I årsrekneskapen er det gjort nærare reie for kritiske estimat og vurderingar som gjeld bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er angitt. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

### Bankens rekneskapsføring av forventa kredittap

Ved vurdering av forventa kredittap skal bankane ta høgde for dei aktuelle forholda på rapporteringstidspunktet og forventningane til den økonomiske utviklinga. Nedskrivning vert rekna ut på grunnlag av utviklinga i kundane si risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper (PD og LGD). Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som enno ikkje har fått effekt på den nemnde risikoklassifiseringa ved vurdering av nedskrivingsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for utrekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, her under sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling.

Banken gjev pantelån der verdien av sikkerheitsobjekta i form av fast eigedom er eit vesentleg kritisk estimat ved utrekning av forventa kredittap. Utviklinga i verdien på pantobjekta på kort og lang sikt er forbunde med usikkerheit. Banken har ved utrekninga av forventa kredittap vurdert engasjementa som er mest utsett for verdifall grunna blant anna pantobjektets tilstand og plassering. Banken har hatt særleg fokus på vurdering av engasjement i den del av utlånsmassen som har høgaste gjeldsgrad og/eller er mest utsett for bortfall av betjeningsevne.

I dei tilfelle engasjementet er vurdert til å ha auka kredittrisiko, eller er merka «forbearance», er engasjementet migrert til steg 2. I tilfelle der det er de er avdekkede objektive teikn på verdifall er engasjementet migrert til steg 3.

### Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, vert fastsett med å bruke ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søker banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadsdata vert det vurdert korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarende instrument. I verdsettingane vert det kravd utstrekt bruk av skjøn, blant anna ved vurdering av kredittrisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av disse faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet. Det er større uvisse enn elles i verdsettinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3.

## Note 2 – Kredittforringa engasjement

Misleghald over 90 dagar	1. kvartal	1. kvartal	Året
	2026	2025	2025
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	12.727	6.555	13.572
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	1.000	0	0
Nedskrivningar i steg 3	-981	-182	-693
<b>Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>12.746</b>	<b>6.373</b>	<b>12.879</b>
Andre kredittforringa	1. kvartal	1. kvartal	Året
	2026	2025	2025
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	2.325	5.151	11.224
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	1.918	2.992	2.998
Nedskrivningar i steg 3	-752	-2.677	-3.024
<b>Netto andre kredittforringa engasjement</b>	<b>3.491</b>	<b>5.466</b>	<b>11.198</b>

## Note 3 – Fordeling utlån kundar

### Utlån til kundar fordelt på sektorar og næringer

	1. kvartal 2026	1. kvartal 2025	Året 2025
Primærnæringer	17.621	15.221	18.351
Industri og bergverk	8.672	7.234	7.379
Kraftforsyning	1.828	1.962	1.863
Bygg og anleggsverksemd	46.053	43.938	47.113
Varehandel	10.877	11.589	8.807
Transport	1	1	0
Overnattings- og serveringsverksemd	2.796	4.290	2.831
Informasjon og kommunikasjon	0	1	0
Omsetning og drift av fast eigedom	51.686	35.765	48.196
Tenesteytande verksemd	6.842	5.801	7.349
<b>Sum næring</b>	<b>146.376</b>	<b>125.802</b>	<b>141.890</b>
Personkundar	1.871.113	1.726.229	1.827.018
<b>Brutto utlån</b>	<b>2.017.489</b>	<b>1.852.031</b>	<b>1.968.908</b>
Steg 1 nedskrivningar	-798	-850	-788
Steg 2 nedskrivningar	-1.120	-1.261	-1.059
Steg 3 nedskrivningar	-1.733	-2.859	-3.717
<b>Netto utlån til kundar</b>	<b>2.013.838</b>	<b>1.847.062</b>	<b>1.963.344</b>
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	1.020.427	975.310	1.020.387
<b>Totale utlån inkl. porteføljen i EBK</b>	<b>3.034.265</b>	<b>2.822.372</b>	<b>2.983.732</b>

## Note 4 – Nedskrivningar og tap

Bankens utlån til kundar, unyttta kredittar og garantiar er gruppert i tre steg, fordelinga mellom stega gjerast for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og ubenyttta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer følgande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivingar ved utferding av nye utlån, ubenyttede kredittar og garantiar
- Reduksjon i nedskrivingar ved frårekning av utlån, ubenyttede kredittar og garantiar
- Auke eller reduksjon i nedskrivingar som skuldast endringar i inputvariable, utrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.
- Netto endring visar endring i tap eller engasjement som følge av innbetalinger/auke av saldo der lån ikkje har skifta steg

31.03.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
<b>Nedskrivingar på utlån til kunder - personmarknaden</b>	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
Nedskrivingar pr. 01.01.2026	351	922	2.847	4.119
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	86	-86	0	0
Overføringer til steg 2	-19	202	-184	0
Overføringer til steg 3	0	-15	15	0
Netto endring	-128	-85	-50	-263
Endringar som følge av nye ellerauka utlån	63	0	0	63
Utlån som er frårekna i perioden	-18	-25	-1.732	-1.774
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
<b>Nedskrivingar personmarknaden pr. 31.03.2026</b>	<b>335</b>	<b>913</b>	<b>897</b>	<b>2.145</b>

31.03.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
<b>Brutto utlån til kunder - personmarknaden</b>	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
Brutto utlån pr. 01.01.2026	1.697.330	104.893	24.795	1.827.019
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	27.701	-27.701	0	0
Overføringer til steg 2	-40.969	48.376	-7.407	0
Overføringer til steg 3	0	-340	341	0
Netto endring	7.045	-707	-946	5.391
Nye utlån utbetalt	174.385	133	0	174.518
Utlån som er frårekna i perioden	-130.590	-3.497	-1.732	-135.819
Konstaterte tap	0	0	0	0
<b>Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.03.2026</b>	<b>1.734.902</b>	<b>121.156</b>	<b>15.051</b>	<b>1.871.109</b>

31.03.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
<b>Nedskrivingar på utlån til kunder - bedriftsmarknaden</b>	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
Nedskrivingar pr. 01.01.2026	438	137	870	1.445
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	2	-2	0	0
Overføringer til steg 2	-7	7	0	0
Overføringer til steg 3	0	-1	1	0
Netto endring	14	66	-35	46
Endringar som følge av nye eller auka utlån	19	0	0	19
Utlån som er frårekna i perioden	-4	0	0	-4
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
<b>Nedskrivingar bedriftsmarknaden pr. 31.03.2026</b>	<b>463</b>	<b>207</b>	<b>836</b>	<b>1.506</b>

31.03.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
<b>Brutto utlån til kunder - bedriftsmarknaden</b>	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
Brutto utlån pr. 01.01.2026	128.480	10.453	2.957	141.890
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	432	-432	0	0
Overføringer til steg 2	-6.299	6.299	0	0
Overføringer til steg 3	0	-67	67	0
Netto endring	-3.654	-346	-112	-4.113
Nye utlån utbetalt	11.042	0	0	11.042
Utlån som er frårekna i perioden	-2.439	0	0	-2.440
Konstaterte tap	0	0	0	0
<b>Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 31.03.2026</b>	<b>127.562</b>	<b>15.906</b>	<b>2.912</b>	<b>146.380</b>

31.03.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
<b>Nedskrivinger på ubenyttede kredittar og garantiar</b>	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
Nedskrivinger pr. 01.01.2026	31	16	0	48
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	4	-4	0	0
Overføringer til steg 2	0	0	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	100	133	0	233
Endringar som følge av nye eller auka ubenyttede kredittar og garantiar	1	0	0	1
Nedskrivinger på ubenyttede kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
<b>Nedskrivinger pr. 31.03.2026</b>	<b>135</b>	<b>146</b>	<b>0</b>	<b>281</b>

31.03.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
<b>Ubenyttede kredittar og garantiar</b>	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2026	72.687	3.834	41	76.561
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	508	-508	0	0
Overføringer til steg 2	-243	243	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-4.926	7	-34	-4.952
Nye/endra ubenyttede kredittar og garantiar	8.919	0	0	8.919
Engasjement som er frårekna i perioden	-218	0	0	-218
<b>Brutto balanseførte engasjement pr. 31.03.2026</b>	<b>76.727</b>	<b>3.577</b>	<b>7</b>	<b>80.310</b>

<b>Nedskrivinger i steg 3 på utlån og garantiar</b>		31.03.2026	31.03.2025
Individuelle nedskrivinger ved begynnelsen av perioden		3.717	2.816
Auka individuelle nedskrivinger i perioden			43
Nye individuelle nedskrivinger i perioden			
Tilbakeføring av individuelle nedskrivinger frå tidlegare perioder		-243	
Konstaterte tap på lån som tidlegare er nedskriva		-1.741	
<b>Nedskrivinger steg 3 ved slutten av perioden</b>		<b>1.733</b>	<b>2.859</b>

<b>Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar</b>	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-1.920	88	1.020
Endring i perioden i steg 3 på garantiar		-2	-2
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	301	-222	-624
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegare er foretatt nedskrivinger i steg 3	1.741		
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er foretatt nedskrivinger i steg 3			
Periodens inngang på tidlegare perioders nedskrivinger	-36	-45	
<b>Tapskostnader i perioden</b>	<b>86</b>	<b>-181</b>	<b>394</b>

## Note 5 - Segmentinformasjon

Banken utarbeider ikkje rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Etter banken si vurdering er det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknaden til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsmasjon.

## Note 6 - Verdipapir

31.03.2026				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjonar til verkelig verdi over resultatet		211.006		211.006
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet	-	61.707	-	61.707
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	-	-	118.538	118.538
<b>Sum</b>	<b>-</b>	<b>272.713</b>	<b>118.538</b>	<b>391.251</b>

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter	Verkeleg verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01.2026	120.504	-
Realisert gevinst/tap	(41)	-
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet	-	-
Urealisert gevinst/tap ført mot utvida resultat	(109)	-
Investering	909	-
Salg	(2.725)	-
<b>Utgående balanse 31.03.2026</b>	<b>118.538</b>	<b>-</b>

### Verkeleg verdimålingar og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå angir nivået på verdsettingsmetoden som er brukt for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut frå kvoterte prisar i aktive marknader.

I nivå 2 er verdien utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsvardiar.

Nivå 3 er verdier som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verdivurdering av dei enkelte selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingsmetoder. Denne verdivurderinga blir vurdert opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsetningskurs, og hensyntatt bankens egne vurderingar av hendingar fram til balansedagen.

## Note 7 – Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.03.2026	Bokført verdi 31.03.2025	31.12.2025	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0013005298	01.09.2023	01.09.2026	50.000	50.204	50.178	50.206	3m Nibor + 120 bp
NO0013333476	11.09.2024	11.03.2027	35.000	35.088	35.087	35.086	3m Nibor + 66 bp
<b>Sum gjeld ved utstedelse av verdipapir</b>				<b>85.292</b>	<b>85.264</b>	<b>85.292</b>	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2025	Emittert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringar	Balanse 31.03.2026
Obligasjonsgjeld	85.292				85.292
<b>Sum gjeld stifta ved utstedelse av verdipapir</b>	<b>85.292</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>85.292</b>
Ansvarleg lån	0				0
<b>Sum ansvarleg lån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Note 8 – Kapitaldekning

CRR3 vart innført i Noreg frå 1. april 2025. Endringane i regelverket for standardmetoden inneber meir risikosensitive risikovekter enn i CRR2, særleg for lån med pant i eigedom, der belåningsgrad og verdsetjingsprinsipp får større tyding. Dette påverkar utrekna kapitalkrav og kapitaldekning. Følgjande endringar har mest vesentleg effekt på kapitaldekningsutrekninga:

Pant i bustadeigedom: Engasjement med belåningsgrad under 55 % får ei risikovekt på 20 %. Delen av engasjementet over 55 % belåningsgrad får ei risikovekt på 100 %. Dette prinsippet vert kalla «lånesplitt-metoden». Fram til 1. april i fjor hadde delen av engasjement med pant i bustadeigedom under 80 % belåningsgrad ein risikovekt på 35 %.

Pant i næringsseigedom: CRR2 med nasjonale reglar for Noreg gav ingen reduksjon i risikovekt for tryggleik i næringsseigedom, det vil seie at desse engasjementa hadde ei risikovekt på 100 %. CRR3 innfører redusert risikovekt for tryggleik i næringsseigedom etter følgjande reglar (prinsippet kalla «heile lånet-metoden»):

- Belåningsgrad under 60 % gir risikovekt på 70 % for heile lånet.
- Belåningsgrad mellom 60 % og 80 % gir risikovekt på 90 % for heile lånet.
- Belåningsgrad over 80 % gir ein risikovekt på 110 % for heile lånet.

I den nye standardmetoden er det eigne og høgare risikovekter for lån med tryggleik i inntektsgivande næringsseigedom. Desse vektene gjeld i Noreg for alle lån sikra med pant i næringsseigedom, uavhengig av om eigedomen faktisk er inntektsgivande.

Det er òg innført strengare krav til verdsetjing av eigedomar, der gjennomsnittsverdiar over 6–8 år skal nyttast, med visse unntak.

Eigenkapitalposisjonar: Det er innført ein regel om risikovekt på 250 % for langsiktige investeringar i aksjar og fondsobligasjonar, og risikovekt på 400 % for investeringar i aksjar med føremål om vidare sal, samt investeringar i venturekapitalselskap o.l. Det er likevel gitt overgangsreglar som inneber ei gradvis opptrapping av risikovekt fram mot 31.12.2030. I perioden 30.06–31.12.2025 er risikovekta for eigenkapitalposisjonar på 100 %.

Subordinert gjeld: Investeringar i subordinert gjeld (ansvarleg lånekapital og anna etterstilt gjeld som TLAC og MREL) får ein risikovekt på 150 % mot 100 % i CRR2.

Banken innførte massemarknad i 4.kvartal 2025.

<b>Kapitaldekning</b>	<b>1. kvartal</b>	<b>1. kvartal</b>	<b>Året</b>
	<b>31.03.2026</b>	<b>31.03.2025</b>	<b>31.12.2025</b>
<b>Morbank</b>			
Sparebankens fond/opptent egenkapital	316.430	292.730	316.430
Gåvefond	9.153	6.283	9.153
Anna egenkapital	37.448	27.716	37.448
Fond for urealiserte gevinstar	0	0	0
<b>Sum egenkapital</b>	<b>363.031</b>	<b>326.729</b>	<b>363.031</b>
Utbytte	-4.500	-850	-4.500
Frådrag for forsvarleg verdsetting	-391	-350	-413
Frådrag i rein kjernekapital	-6.353	-6.353	-6.353
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>351.787</b>	<b>319.176</b>	<b>351.765</b>
Fondsobligasjonar	0	0	0
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>351.787</b>	<b>319.176</b>	<b>351.765</b>
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>351.787</b>	<b>319.176</b>	<b>351.765</b>
	<b>31.03.2026</b>	<b>31.03.2025</b>	<b>31.12.2025</b>
<b>Eksponeeringskategori (vekta verdi)</b>			
Statar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheiter	11.514	11.476	11.518
Offentleg eigde foretak	0	0	0
Institusjonar	12.101	7.761	13.646
Foretak	19.418	12.146	23.507
Massemarknad	426.078	0	403.998
Pantsikkerheit eigedom	342.959	798.973	335.060
- Herav pantsikkerheit i boligeigedom (CRR3)	296.243	0	288.260
- Herav pantsikkerheit i næringsseigedom (CRR3)	46.716	0	46.799
Forfalte engasjement	17.124	13.249	24.919
Høgrisiko engasjement	0	0	0
Kjøp, utvikling og oppføring av fast eigedom	0	0	0
Obligasjonar med fortrinnsrett	19.020	18.279	18.557
Fordring på institusjonar og foretak med kortsiktig rating	3.826	28.145	7.032
Andelar verdipapirfond	11.393	9.333	16.733
Eigenkapitalposisjonar	119.348	94.445	118.876
Øvrige engasjement	22.756	46.363	21.844
Subordinert gjeld	0	0	0
CVA-tillegg	0	0	0
<b>Sum utrekningsgrunnlag for kredittrisiko</b>	<b>1.005.537</b>	<b>1.040.170</b>	<b>995.690</b>
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	102.226	119.739	102.226
<b>Utrekningsgrunnlag</b>	<b>1.107.763</b>	<b>1.159.909</b>	<b>1.097.916</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>31,76 %</b>	<b>27,52 %</b>	<b>32,04 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>31,76 %</b>	<b>27,52 %</b>	<b>32,04 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>31,76 %</b>	<b>27,52 %</b>	<b>32,04 %</b>
<b>Uvekta kjernekapitalandel i %</b>	<b>13,36 %</b>	<b>12,34 %</b>	<b>13,39 %</b>
<b>Konsolidering av samarbeidande grupper</b>			
Banken rapporterer kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigarandel på 0,50% i Eika Gruppen AS, 0,93% i Eika Boligkreditt AS og 0,10% i Kredittbanken.			
	<b>31.03.2026</b>	<b>31.03.2025</b>	<b>31.12.2025</b>
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>360.357</b>	<b>319.004</b>	<b>349.941</b>
<b>Kjernekapital</b>	<b>366.200</b>	<b>324.094</b>	<b>356.030</b>
<b>Ansvarleg kapital</b>	<b>374.070</b>	<b>330.950</b>	<b>364.962</b>
<b>Utrekningsgrunnlag</b>	<b>1.398.967</b>	<b>1.428.571</b>	<b>1.383.473</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>26,74 %</b>	<b>23,17 %</b>	<b>26,38 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>26,18 %</b>	<b>22,69 %</b>	<b>25,73 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>25,76 %</b>	<b>22,33 %</b>	<b>25,29 %</b>
<b>Uvekta kjernekapitalandel i %</b>	<b>9,73 %</b>	<b>9,49 %</b>	<b>9,40 %</b>